

Høyringsinnspel til opplæringslovutvalet

NOU 2019: 23 Ny opplæringslov

Frå: norskfaggruppene ved Høgskulen på Vestlandet, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Innleiing

Innspele i denne uttalen gjeld Kapittel 32 Opplæringsspråk, skriftspråk, læremidler og digital læringsanalyse. Me vil likevel kome med ein overordna merknad til utvalet: Opplæringslova må erkjenne sin eigen status som ei svært viktig språklov i langt større grad enn det som utvalet legg opp til no, og må dermed fylgje prinsippa frå den nye språklova i langt større grad enn det det blir lagt opp til.

Ein konsekvens av det er at den nye språklova må visast til under «7.6 Andre lover som er relevante for grunnopplæringen» og aktiverast langt meir under til dømes kap. 32. Det er paradoksalt at språklova ikkje er nemnd, når til dømes den europeiske språkpakta for minoritetsspråk er det.

Viktigare er at opplæringslova tek opplæringssituasjonen for born og unge med nynorsk (og andre mindretalsspråk) meir på alvor, og at det får fylgje både for og etablering av kunnskapsgrunnlag, drøftingar og konkrete reguleringar. Lova gjev reguleringar som får avgjerande fylgje for born og unge sin språkbruk. Det er opplæringslova som slår fast at det faktisk er lov å ha både nynorsk, bokmål og samisk som fyrste opplæringsspråk (hovudmål) i norsk skule (§ 2–5 og kapittel 6, gjeldande lov), det er opplæringslova som regulerer korleis, når og under kva for vilkår norske elevar får dei fyrsteskriftspråka som dei får (§ 2–5) og det er opplæringslova som bestemmer kva for ordningar som knyter seg til retten til fyrsteskriftspråk; til dømes når det gjeld undervisningsspråk og læremiddel (§9–4, Opplæringslova, 1998). Desse spørsmåla er naturlegvis heilt sentrale i ein kvar fleirspråkssituasjon. Og slik er lova særleg viktig for born og unge med mindretalsspråk som fyrstespråk. Elevar med nynorsk og samiske språk som fyrstespråk, vert i liten grad eksponerte for språka sine i storsamfunnet og på fritida. Skulen spelar altså ei heilt sentral rolle for språktileigninga, språklæringa og språktilhøyrsla til desse språkbrukarane. Såleis kan det argumenterast for at opplæringslova er den *viktigaste* språklova for born og unge.

Innspel til Kapittel 32.3 – om rett til å gå i eiga ‘målformgruppe’ ut grunnskulen

Etter ei kort drøfting føreslår utvalet å ikkje innstille på at elevar med nynorsk hovudmål får lovfesta rett til opplæring i og på hovudmålet sitt til og med tiande klasse og dermed ikkje rett til å høyre til ei eiga elevgruppe ut heile grunnskulen. Utvalet drøfter ikkje spørsmålet om tidspunktet for individuelt val av skriftspråk i ungdomsskulen (motsett Smith-utvalets NOU om ny opplæringslov, 1995).

Kunnskapsgrunnlaget for drøftinga og innstillinga til utvalet når det gjeld spørsmålet om rett til opplæring i og på hovudmålet gjennom heile grunnskulen (budsjettproposisjonen 2020, PROBA-rapporten, Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål) godtgjer at utvalet ser dette spørsmålet som eit som handlar om samanhengen mellom språkopplæringsvilkår og (skrift)språkskifte.

Kunnskapsgrunnlaget framstår likevel som noko tunt. Avgjerdsgrunnlaget bør oppdaterast med nyare vitskaplege arbeid om språkskifte i Noreg, dessutan Prop. 108 L (2019 – 2020) Proposisjon til Stortinget om ny språklov, dessutan ny overordna del av læreplanen som m.a. seier: «Opplæringen skal sikre at elevene blir trygge språkbrukere, at de utvikler sin språklige identitet, og at de kan bruke språk for å tenke, skape mening, kommunisere og knytte bånd til andre.» (Utdanningsdirektoratet 2017b, s. 6).

Jamvel om tidlegare granskingar av språkskifte frå nynorsk til bokmål har fokusert på vidaregåande skule, viser nyare arbeid at det er eit stort skifte også på ungdomstrinnet eller i overgangen frå barnetrinnet til ungdomstrinnet (Bjørhusdal, 2018; Sønnesyn, 2018; 2020, u.u.; Lunde, 2020, u.u.) – altså når elevane kan velje skriftleg hovudmål individuelt. Forskinga viser òg at språkskiftet skjer fordi elevane ikkje tykkjer dei meistrar nynorsk godt nok (jf. metastudien til Wold, 2019), og at skulen er den klart viktigaste nynorsklæringsarenaen også for elevar med nynorsk som hovudmål (Sønnesyn, 2020, u.u.) ettersom denne elevgruppa har så liten tilgang til fyrsteskriftspråket sitt i kvardagen utanfor skulen. Me veit også at når elevar med nynorsk som hovudmål kjem i språkblanda grupper på ungdomstrinnet, hamnar dei ofte i mindretal. Lærarar, både i norsk og andre fag, endar ofte opp med å velje undervisningsspråk (språk i skriftleg materiale og på tavla) ut frå behova til majoriteten i slike språkblanda kontekstar. Resultatet vert at elevar med nynorsk som hovudmål vert undervist på bokmål (eller eit skriftleg blandingspråk) bortsett frå når medelevane deira får opplæring i nynorsk som sidemål (Bjørhusdal, 2018; Sønnesyn, 2020, u.u.).

Gjeldande opplæringslov fører også til at lærarane vert sette i ein vanskeleg situasjon når det gjeld utøving av profesjonelt skjønn. Som Sønnesyn (2020, u.u.) argumenterer for, må dei balansere to omsyn: Det eine er direktoratet sine tolkingar av opplæringslovas føreskriving av fritt skriftspråkval, som går ut på at skulane skal ha eit definert administrasjons- og undervisningsspråk. Det andre er den faktiske toskriftspråksituasjonen i klasseromma, som er eit resultat av elevretten til fritt skriftspråkval. Dermed vert det dei einskilte lærarane som heilt utan overordna føringar skaper ungdomstrinnets språkpolitikk *de facto*. Dette legg eit for stort ansvar på einskildlærarar.

Dagens ordning peikar altså mot ein utydeleg rettssituasjon på ungdomstrinnet både for elevar og lærarar. Frå eit lærarutdannarperspektiv vil me rå til at opplæringslova gjev elevar mellom 12 og 16 år som har mindretalsskriftspråket nynorsk som hovudmål, ein formulert rett til opplæring på og i nynorsk, og at denne retten bør formulerast som ein rett til å halde fram i språklege parallellklassar/eigne skriftspråkgrupper også på ungdomstrinnet av grunnskulen.

Det kan elles verke noko paradoksalt at det einast er økonomiske og praktiske argument som utvalet nyttar for å ikkje gje 12–16-åringar ein fastslått rett til opplæring på eige språk. Spørsmålet vert ikkje drøfta i eit språkrettsleg eller barnerettsleg perspektiv, berre i eit økonomisk. Det trengst meir rettsleg utgreiing om spørsmålet, utgreiingar som truleg må relaterast til faglege utgreiingar om skriftspråktileigning og -læring. Me treng meir systematisk kunnskap om korleis undervisninga for elevar med nynorsk som hovudmål i språkblanda kontekstar føregår. Det er likevel viktig å presisere at den forskingsbaserte kunnskapen me alt har, peikar mot at lova må gje sterkare språkleg rettsvern for elevar på ungdomstrinnet.

Spørsmålet om språkopplæringsvilkår på ungdomstrinnet og val av skriftspråk heng òg saman med tidspunktet for når retten til individuelt val av hovudmål slår inn. I dag får elevar denne retten når dei startar på ungdomstrinnet i 8. klasse, altså når dei er 12 eller 13 år. Me veit altså at denne retten som born har til å byte fyrsteskriftspråk, resulterer i at det er eit stort språkskifte frå nynorsk til bokmål på ungdomstrinnet – fordi dei språklege opplæringsvilkåra for desse borna er tøffe. Det er dermed synd at den offentlege utgreiinga om ny opplæringslov ikkje nyttar høvet til å diskutere spørsmålet om språkrettslege ordningar for ungdomstrinnet, inkludert tidspunktet for individuelt val av skriftspråk grundig juridisk. Smith-utvalet (1995) som førebudde ny opplæringslov (1998) diskuterte spørsmålet om tidspunktet for individuelt val av skriftspråk, og slo fast at tidspunktet for barn si sjølvbestemming når det gjeld individuelt opplæringsspråk – nynorsk/bokmål eller samisk/norsk – er tidlegare enn det barnelova elles seier om når ungar åleine skal kunne gjere avgjerder om eige liv og utdanning (15 år). Premissane for drøftinga til Smith-utvalet har me no kunnskap nok til å kunne problematisere. Språkvalet som ungar kan ta frå dei er 12 år, har store konsekvensar for både deira individuelle språkferdigheiter og for det nynorske (og norske) språksamfunnet. Dermed er det rimeleg om tidspunktet for individuelt skriftspråkval vert drøfta parallelt med kva som kan gjerast for å tryggje fyrstespråkopplæringa til elevar med nynorsk som hovudmål.

Innspel til Kapittel 32.2 – om forvaltningsansvaret for ‘målformgrupper’/språklege parallellklassar på barnetrinnet

Utvalet føreslår å vidareføre retten til opplæring i særskilde grupper på barnetrinnet i det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke, «...men slik at det er kommunen som avgjør hvilken skole som skal gi tilbudet der elevene er spredt på fleie skoler». Etter gjeldande lov er det foreldra som ved vanleg fleirtal vedtek kva for av skulane som skal ha gruppa.

Frå eit norskfagleg profesjonsperspektiv vil me åtvare mot argumenta til KS, som har vore ein viktig premissleverandør for utvalet i dette spørsmålet. Språklege parallellklassar vil medføre ein økonomisk kostnad for kommunane. Om økonomiske argument får styre, kan parallellklassane bli

organiserte bort frå dei lokale skulemiljøa med størst kompetanse og mest erfaring i å drive slike språklege parallellklassar (jf. Grov, 2020). Det er faglege argument som må liggje i botn for plasseringa av parallellklassane, og desse faglege argumenta kjenner foreldra til heilt frå dei skriv inn elevane på 1. trinn på det skriftspråket som ikkje er default i kommunen. Det er viktig å ikkje kome i ein situasjon der språkopplæringsvilkåra til elevar med eit lokalt mindretalsskriftspråk vert forringa av økonomiske årsaker – dette gjeld parallellklasseetablering både på nynorsk og bokmål. Dermed bør foreldra til elevane, ikkje kommunen, framleis vere den instansen som avgjer kvar den språklege parallellklassen skal liggje.

Innspel til Kapittel 32.3.2 – om statusen til elevane sitt talemål

Kapittel 32.3.2 stiller spørsmålet: «Er det behov for å regulere den muntlige opplæringen?» Svaret utvalet gir, er at det ikkje er behov for ein pliktregel i lova for å løyse eventuelle munnlege språkutfordringar. Her skal med andre ord læraren sjølv koma fram til og nytta «et tydelig og forståelig språk».

Utvalet går inn for å stryke ei formulering som har kome i fleire variantar etter odelstingsvedtaket i 1878, som opphæveleg la føringar for at undervisninga skulle «meddeles paa Børnenes eget Talemaal». I gjeldande opplæringslov § 2-5 er dette uttrykt slik: «I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke» og «Undervisningspersonalet og skoleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar». Ei grunngiving utvalet gir for å stryka desse formuleringane, er at dialektar har gode vilkår i samfunnet og i skulen. Utvalet har truleg rett i at det «ikke er en fare for at personer må legge vekk dialekten sin dersom de flytter til et annet sted i landet». Den norske språk- og skulehistoria viser at det har vore ein lang veg fram til der me er i dag, og 1878-vedtaket har vore svært sentralt i kampen for dialektanes plass i klasserommet i Noreg (der det dansk-norske standardtalemålet vart kjempa imot). Det er brei aksept for dialektbruk i Noreg i dag, men me veit lite om dette også er gjeldande i framtida. Ei formulering som set elevens talemål i sentrum, meiner me det framleis er behov for, der lærarens tilpassingar er didaktisk motiverte. Dette vil både ta vare på dialektmangfaldet i den norske praksisfellesskapen og det vil innebera at variasjonen kan nyttast som didaktisk praksis, til dømes i metaspråklege samtalar om ulike norske variantar. Synleggjering av norsk talemålsvariasjon er, ikkje minst, viktig for fleirspråklege elevars opplæring i norsk.

Dersom dei nemnde formuleringane vert tatt ut av opplæringslova, er dette med på å overlata endå meir av dei munnlege praksisane til lærarens eigne vurderingar. Det er gjerne innforstått i dag, det utvalet peikar på, men som dei likevel ikkje vil regulera: «Bruk av ulike dialekter på en skole kan også være en berikelse. Det er viktig at de ansatte, uavhengig av dialekt, har et tydelig og forståelig språk.» Me meiner at dette også bør lovfestast, både for å ta vare på det

dialektale mangfaldet og for å sikra at elevanes talemål blir tatt omsyn til også i framtida. Formuleringane frå dagens § 2-5 bør difor bli ståande.

Innspel til Kapittel 32.2.4 – Erstatte kravet om obligatorisk sidemålsundervisning

Utvalet foreslår å erstatte kravet om obligatorisk sidemålsundervisning på 9. og 10. trinn med eit generelt krav om opplæring i begge skriftspråka. Grunngevinga er at kva fag elevane skal ha opplæring i, og kva innhaldet i dei faga skal vere, ikkje bør fastsetjast av lova, og at læreplanen allereie slår fast at opplæringa skal starte tidlegare enn i 9. årsteg. Intensjonen om å fjerne misvisande informasjon om når opplæringa skal starte er god, men det er problematisk at formuleringa om obligatorisk sidemålsundervisning er foreslått fjerna. At sidemålsundervisninga er obligatorisk, er eit viktig krav ut frå generell språkforvaltning i Noreg, og å fjerne denne formuleringa er i realiteten ei svekking av ordninga. Læreplanen i norsk har status som forskrift til opplæringslova. Forskrifter må halde seg innafor lovheimelen. Den obligatoriske opplæringa i nynorsk og bokmål er eit av dei viktigaste mandata til språkopplæringa i den norske skulen, og bør difor vere forankra i sjølve lovteksten, slik at det ved seinare læreplanrevisjonar ikkje kan vere mogleg å svekke opplæring i begge skriftspråka fordi det ikkje lenger er eit krav om at opplæringa er obligatorisk.

Dessutan tek ikkje framlegget høgd for at vilkåra for elevane med nynorsk som hovudmål og elevane med bokmål som hovudmål er svært ulike. Elevar med bokmål som hovudmål treng den tidlege starten som læreplanen legg opp til, og for dei er formuleringa ei klargjering og sikring av kor omfattande opplæringa i begge skriftspråka skal vere, noko dei treng fordi nynorsk er eit mindre brukt språk. Fleire undersøkingar syner at elevar med nynorsk som hovudmål ikkje blir trygge nok i hovudmålet sitt (sjå t.d. metastudien til Wold, 2019). Det heng saman med at nynorsk er eit mindre brukt språk, og at elevane møter mest bokmål utanfor skulen. Formuleringa om obligatorisk sidemålsopplæring i 9. og 10. trinn er for desse elevane såleis ei sikring av at dei får bli trygge nok i hovudmålet sitt før dei får systematisk opplæring i bokmål. Eit mål for norsk språkpolitikk er å styrke vilkåra for nynorsk, og i det ligg det òg å styrke vilkåra for elevar med nynorsk som hovudmål. Ei betre løysing ville difor vere å ha differensierte formuleringar for elevar med bokmål som hovudmål og elevar med nynorsk som hovudmål når det gjeld opplæring i begge dei norske skriftspråka, sidan desse elevgruppene treng ulike tiltak for å meistre båe målformer. Opplæringslova opnar for differensiering av andre grupper når det gjeld opplæring i begge dei norske skriftspråka, til dømes når det gjeld fritak frå sidemålsopplæring for visse elevgrupper.

Innspel til Kapittel 32.2.4 – Vidareføre dei generelle reglane om fritak frå sidemålsopplæringa

Utvalet foreslår å vidareføre ordninga med at departementet kan gje forskrift om fritak frå opplæring i eitt av dei norske skriftspråka for enkelte elevgrupper, og å innføre ei tilsvarende forskrift for

vidaregåande skule. Fritaksreglane representerer ei stor utfordring for lærarutdanninga. Studentar får fritak frå nynorsk i lærarutdanninga si dersom dei har hatt fritak i grunnskule og vidaregåande skule. Konsekvensen er at fleire studentar på 1–7-løpet i lærarutdanninga, der norsk er obligatorisk, får fritak frå vurdering i nynorsk, og at mange lærarar for barne- og mellomtrinnet ikkje har den fagkompetansen som læreplanen og opplæringslova føreskriv at dei skal ha. Det er svært problematisk at studentar utan kompetanse i nynorsk underviser i kommunar eller på skular med nynorsk som opplæringsmål, og som fylgje av det nyttar bokmål som undervisningsspråk til (allereie språkleg utsette) nynorskelevar. På barnetrinnet er dette eit brot på opplæringslova.

Dersom dagens fritaksordning skal stå, som utvalet føreslår, må ein ha kompenserande ordningar for lærarutdanninga. Det kan til dømes vere merking av vitnemåla til studentar som ikkje har hatt opplæring og/eller vurdering i nynorsk. Prinsipielt bør det vere ansvaret til lærarutdanninga som vitnemålsutskrivande institusjon å varsle framtidige arbeidsgjevarar om mangel på slik vesentleg kompetanse. Ei ulempe ved dette er at det fører problemet over til einskildstudentane, jamvel om det er dei politiske ordningane som sviktar her, og ikkje studentane sjølve. Røynslene til faglærarar i norsk i lærarutdanninga tilseier at sidemålsfritaket i vidaregåande får så store konsekvensar for nynorskkompetansen til norske grunnskulelærarar at det går ut over nynorskelevane sine språkopplæringsvilkår. Ei rettsleg tilstramming i opplæringslova for å sikre desse elevane sine språkrettar, vil måtte få konsekvensar for fritaksordninga i lærarutdanninga – som per i dag heng saman med fritaksordninga i vidaregåande og grunnskule.

Dessutan er me kritiske til kor generelt fritaksforskrifta er utforma, fordi me har inntrykk av at praksisen med å gje fritak er meir liberal enn kva ordninga egentleg legg opp til. Det fører til at svært mange innanfor gruppene som kan få fritak, får fritak, trass i at dei ikkje treng eller ynskjer det. Det verkar òg til at elevar med nynorsk som hovudmål sjeldnare får eller ber om fritak frå sidemålsopplæringa (Myklebust og Osdal, 2020, u.u.). Ei så generell fritaksforskrift som den gjeldande, fråtek difor elevar i dei enkelte elevgruppene moglegheita til å skaffe seg kompetanse som er naudsynt både i barnehagelærarutdanninga og grunnskulelærarutdanninga, og undergrev i samstundes viktigheita av kompetanse i både nynorsk og bokmål i desse yrka.

Innspel til Kapittel 32.4 – om læremiddel på nynorsk og bokmål

Språkleg innputt er ein avgjerande føresetnad for all språklæring (Krashen, 1988; Kulbrandstad & Ryen, 2018). Utanfor skulen møter elevane nesten berre bokmål (og engelsk) (Sønnesyn, 2020, u.u., Myklebust og Osdal, 2020, u.u.), dermed spelar læremiddel på nynorsk ei avgjerande rolle for at nynorskelevane skal få den språklege innputten dei treng for å kunne lære seg hovudmålet sitt. Også for elevar med nynorsk som sidemål er nynorsken dei møter på skulen heilt avgjerande som språkleg førebilete og støtte. I utkastet til ny opplæringslov er det framlegg om at læremiddel skal liggje føre

på både nynorsk og bokmål, men utvalet føreslår at «det presiseres i den nye loven at parallellitetskravet gjelder læremidler «som er utvikla til bruk i opplæringa». I skulen i dag spelar dei læremidla som er utvikla spesifikt til bruk i opplæringa ei mindre rolle enn tidlegare. Stadig fleire elevar har tilgang til datamaskiner/nettbrett i opplæringa, og dermed vert kontorstøtteprogram, operativsystem og så bortetter ein viktig del av skulekvardagen. Desse står for mange av dei tekstane elevane ser og les dagleg og mange gonger til dagen, og vert dermed ein ikkje uvesentleg del av den språklege innputten elevane får. Det same gjeld annan programvare som er i bruk i undervisninga. Det språklege parallellitetskravet bør difor også omfatte programvare som ikkje er utvikla spesifikt til bruk i opplæringa.

Utvalet føreslår at parallellitetskravet berre skal gjeld fag som har fleire enn 300 elevar per årskull, slik det også har vore tidlegare. Mange læremiddel er no digitale i staden for trykte, eller blir trykt etter etterspurnad. Dette fører ikkje med seg store kostnader per produksjon, slik ei lærebok gjorde tidlegare. For dei elevane og faga det gjeld, er læremiddel på hovudmålet like viktig som for dei store faga, dette unnataket frå parallellitetskravet bør difor takast bort.

Sjølv om lovteksten slår fast at læremiddel skal koma på nynorsk og bokmål til same tid og pris, er det uklart kven som har ansvar for å sjå til at dette kravet blir følgt. Dersom det er skuleeigar som har ansvaret for å berre velje læremiddel som finst i parallelle utgåver, blir ansvaret i praksis overlate til den enkelte læraren/skulen – det vil fort føre til pulverisering av ansvaret, og det er for mykje forlangt at kvar einskild lærar skal kontrollere om læremiddel dei vel å bruke faktisk finst både på nynorsk og bokmål. Det bør presiserast i lova kven som har ansvar for å kontrollere dette, slik at læremiddel til bruk i opplæringa ikkje kjem i sal før dei ligg føre på begge skriftspråka.

I læreverk til bruk i norskfaget har det til no vore formulert i lova at «Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk». Denne formuleringa er føreslått fjerna i utkastet frå utvalet. Det er frå før eit stort problem for både nynorsk- og bokmålelevar at det er ei stor overvekt av bokmålstekstar i norskverka. Dei nye lesebøkene for ungdomsskulen etter Kunnskapsløftet har langt færre tekstar på nynorsk enn det som var tilfellet før godkjenningsordninga for lærebøker vart oppheva i år 2000. Dette gjeld både bokmålsutgåver for elevar med nynorsk som sidemål og fellesutgåver for begge målformer. (Askeland, 2010: 6). I godkjenningsordninga for lærebøker som fanst før 2000, var kravet at begge skriftspråka skulle vera representerte med minst 40 % av tekstane. Ein pågåande masterstudie viser også at denne stoda har forverra seg endå meir etter 2010. Lesebøkene som er undersøkte her har kring ein tredjedel tekstar på nynorsk, noko som inneber ei halvering etter opphevinga av godkjenningsordninga (Langnes, mastergrad under arbeid). Dersom formuleringa vert fjerna, er det grunn til å tru at overvekta av bokmålstekstar kan kome til å bli endå større, noko som vil innebere at alle elevane vil få for lite språkleg innputt på nynorsk til å bli trygge språkbrukarar, anten nynorsk er

hovud- eller sidemålet. For lærarstudentane som skal ut i arbeid som lærarar, utgjer denne stoda ei stor utfordring.

Det er elles grunn til å etterlyse meir forskning på samanhengen mellom språket i læremiddel og språkutvikling hos elevane – dette er eit område der kunnskapsgrunnlaget framleis er for tunt.

Kjelder

- Askeland, N. (2010) Kunnskapsløft for nynorsk? Nynorsk i lesebøker etter oppheving av godkjenningsordninga. I Tvitekkja, S. (red.) *Klamme former eller sær skriving? Språklege rettar, sidemål og rettskriving i ein ny skulealder*. Oslo, Språkrådet
- Bjørhusdal, E. (2018). Ei språkhistorie om ungdomsskulen. I E. Bjørhusdal, E. Bugge, J.O. Fretland & A.K.H. Gujord (red.). *Å skrive nynorsk og bokmål. Nye tverrfaglege perspektiv*. Oslo: Samlaget
- Grov, A. M. (2020). Når bokmålet rår i klasserommet. *Norsk Tidend*, s. 11–13.
- Krashen, S., D. (1988). *Second language acquisition and second language learning*. Hempstead: Prentice Hall International.
- Kulbrandstad, L. A. & Ryen, E. (2018). Hvordan læres et andrespråk? I A.-K. H. Gujord & G. T. Randen (Red.), *Norsk som andrespråk – perspektiver på læring og utvikling* (s. 27–58). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Langnes, L. A. S. (u.a.). [Masteroppgåve om representasjonen av nynorsk i norsklæreverk, vert levert hausten 2020] *Læring og undervisning*, Høgskulen på Vestlandet.
- Lunde, K. (u.u.). Lokal majoritet, nasjonal minoritet: Ein studie av skriftspråkskifte i robuste nynorskkommunar. I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (Red.), *Skriftkultur 2*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Myklebust, H. & Osdal, H. (u.u.) Å lære eit mindretalsspråk som andrespråk – erfaringar frå fleirspråklege ungdomsskuleelevar i to nynorskkommunar. I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (Red.), *Skriftkultur 2*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Smith-utvalet. (1995). *Ny lovgivning om opplæring*. «–Og for øvrig kan man gjøre som man vil». NOU 1995: 18. Oslo: Statens forvaltningstjeneste.
- Sønnesyn, J. (2018). Danningsperspektiv på språkskifte. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 4, s. 301–311. DOI: 10.18261/issn.1504-2987-2018-04-02
- Sønnesyn, J. (u.u.). Skulen som språkplanleggar: Kva seier ungdomsskuleelevar om vilkåra for å lære nynorsk som hovudmål? I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (Red.), *Skriftkultur 2*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Wold, I. (2019). Kvifor ikkje nynorsk? Eit metaperspektiv på sju studiar om språkbortval i randsoner. *Målbryting*, 10, s. 77–99. DOI: <https://doi.org/10.7557/17.4825>